

Samarbeidsavtale i høve prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg 2020-2023

mellom
Vestland fylkeskommune, prosjekteigar
og
Tverga, nasjonalt ressurscenter for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet



TVERGA

1. Innleiing

Tverga er etablert på oppdrag frå Kulturdepartementet, og skal gjere kommunane endå betre på tilrettelegging for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet. Gjennom kompetanseutvikling, informasjonsarbeid, nettverksbygging og vegleiing skal Tverga styrke kommunane sitt arbeid for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet.

Vestland fylkeskommune (VLFK) ønskjer at det vert lagt til rette for fleire nyskapande og innovative aktivitetsanlegg. Dette er forankra i Anleggspolitikken for Vestland fylkeskommune 2020-2023. Visjonen er Fysisk Aktiv Kvar Dag.

I høve prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg, er det ønskeleg å opprette eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og Tverga.

Tverga har i sitt arbeid og sine prosjekt fått erfaring og kompetanse på denne type prosessar for utvikling av innovative aktivitetsanlegg. Vi ønskjer å dele erfaringar og samordne ressursar innanfor dette arbeidet som vi ser har mange likskapar og skjeringspunkt.

Prosjektet skal forankrast hjå relevante samarbeidsaktørar, samt innan FoU-miljø og private aktørar. Vestland fylkeskommune har inngått ein intensjonsavtale med Lokale- og Anlægsfonden som varar til 31.12.2020. Denne skal erstattast av ein meir forpliktande samarbeidsavtale for perioden 2020-2023.

2. Mål og innsatsområder

VLFK vil saman med Tverga og andre aktørar legge til rette for tiltak som kan stimulere til utvikling og bygging av nyskapande aktivitetsarenaer i kommunane. Verdiar, kunnskap (FoU) og form er tre grunnpillorar i arbeidet. Utvalde prosjekt innfor innsatsområda vil få støtte til å gjennomføre gode medverknadsprosessar og til anleggsbygginga. Prosessen skal vere verdiskapande i seg sjølv og prosjekta skal fungere som endringsagentar både når det gjeld bygging og bruk av areala.

Målet er å få fram anlegg av utviklande karakter med høg funksjonell kvalitet og ei utforming som kan inspirere den framtidige utviklinga av aktivitetsanlegg for idrett, kultur og fritid lokalt, regionalt og nasjonalt. Vellukka prosjekt skal inkludert i www.godeidrettsanlegg.no.

Det er to aktuelle innsatsområde:

- Attraktive, heilskaplege skuleområde
- Innovative idretts/aktivitetshallar

3. Organisering av prosjektet

VLFK ønskjer med dette prosjektet å bidra til utvikling og bygging av nyskapande aktivitetsanlegg i kommunane i Vestland fylke. Prosjektet er delt i to fasar.

Fase 1

Den første fasen er utprøving av fire pilotprosjekt knytt til uteområde ved skular. Dette er oppfølging av eit tilskot til prosjektering som dei fire fekk tildelt frå Hordaland fylkeskommune i 2019. Vestland fylkeskommune har løyvd midlar til gjennomføringa, og det er kopla fire ulike arkitektkontor til prosjekta, som saman med kommunen skal gjennomføre prosessen. Anleggsrådgjevarar frå fylkeskommunen er knytt til prosjekta og føl opp desse i høve m.a. spelemiddelsøknader.

Fase 2

Det blir etablert ei tilskotsordning der kommunane kan søke om tilskot til prosjektering og bygging av nyskapande aktivitetsanlegg. Det vil bli vidare satsing på uteområde knytt til skular i fase 2 Prosjektskisse vil bli lagt fram som politisk sak i november/ desember 2020.

Fase 3

Prosjektet blir vidareført i 2022 med fokus på ombygging av idrettshallar, eller kreative løysingar for nye hallar.

Det vert vidare etablert ei styringsgruppe med representantar frå VLFK, NIF/idrettskretsen, LOA og ev. private aktørar som er med å finansiere prosjektet. Styringsgruppa godkjenner utlysingar og har det overordna ansvar for økonomi og resultat. VLFK tek imot søknadar og tek fyrste behandling av søknadane.

4. Konkretisering av samarbeidet

Vestland fylkeskommune er prosjekteigar. Prosjektleiari frå fylkeskommunen koordinerer arbeidet. VLFK ønsker å dele erfaringar frå prosjektet og samarbeide om å etablere og vidareutvikle eit kunnskapsgrunnlag.

Bidrag frå Tverga

Representantar frå ulike fagmiljø vert invitert til å delta i ei ressursgruppe som kan bidra i dei ulike prosjekta. Dette gjeld m.a. handsaming av søknadar, rettleiing, kunnskapsgrunnlag og FoU. Tverga blir ein del av denne ressursgruppa, og bidrar med erfaring og kompetansedeling frå eigne prosjekt.

Tverga og VLFK vil dra nytte av kvarandre som ressurs på aktuelle møteplassar og i nettverk som kan vere aktuelle for prosjektet, dele kompetanse på tvers, som t.d. forskning og erfaringar frå ulike prosjekt. Begge partar inviterer kvarandre inn som ressurs eller medarrangør på ulike møteplassar.

Begge partar kan også bruke eigne plattformer for SOME for deling av kvarandre sine innlegg/saker.

Samarbeidet skal evaluerast årleg og vil bli justert undervegs sidan prosjekta det vert jobba med er i stadig endring.

5. Varigheit

Samarbeidet gjeld frå 1. desember 2020, og vil gjelde i prosjektperioden til og med 2023.

6. Økonomi


Samarbeidet legg ikkje opp til økonomiske bidrag mellom aktørane. Begge partar har eigne finansieringsplanar og budsjett knytt til sine prosjekt.

7. Oppseiing

Ved vesentleg misleghald kan begge partar skriftleg seie opp avtalen med umiddelbar verknad. Før avtalen vert heva, skal det gjennomførast drøftingsmøte.

Underskrifter:

05/11/20



Per Morten Ekerhovd

Lisa Mari Watson

Vestland fylkeskommune

Tverga